

Aslak Høgetveit



Draumkvedet

I 1845 var presten Landstad ute for å samle folkeviser. I Kviteseid møtte han ei 28 år gammal tenestejente, Maren Ramskeid, og ho song Draumkvedet for han. Landstad forsto straks at dette var ei svært spesiell folkevise. Visa skildra ei reise gjennom dødsriket, både himmel og helvete, og til slutt får vi eit bilde av dommens dag. Innhaldet i visa peikte bakover mot katolske førestellingar. Enkelte element, som Gjallarbrua og dette at djevelen vart kalla Grutte Gråskjegg, peikte enda lenger bakover mot den første kristne tida i Noreg. Grutte Gråskjegg var eit av dei namna som i førkristen tid vart brukt på Odin. Landstad hadde høyrte brot av denne visa før, men berre Maren Ramskeid hadde ei klår oppfatning av handlingsgangen.

Forskarane vart også interesserte. Sophus Bugge peikte på at visa måtte ha ein samanheng med mellomaldersk visjonslitteratur, særleg med ei irsk visjonsforteljing som vart kalla Tundals visjon, *Duggals leitza* på gammalnorsk. Da Moltke Moe vart professor, tok han Draumkvedet for seg. Problemet var at visa var så usamanhengande. Dei fleste versjonane var berre på nokre få strofer. Moltke Moe rekonstruerte visa slik han meinte at ho måtte ha sett ut i mellomalderen. Særleg la han vinn på å syne samanhengen med Tundals visjon. Men grunnlaget hans var først og fremst Maren Ramskeids tekst.

Moltke Moe daterte Draumkvedet til 1200-talet, men han stilte aldri spørsmålet om kanskje visa kunne vere yngre. Seinare forskarar har tvilt på at visa kan vere så gammal. Enkelte element minner også om den katolske mot-propagandaen i reformasjonstida. Ordet Gjallarbru var, til dømes, også brukt på den tida. Ein forskar som Brynjulf Alver har gått enda lenger. Han seier at Draumkvedet godt kan vere eit konglomerat av gamlestev, som aldri har hatt ein fast episk tråd. Og i avsideliggande bygder heldt katolsk tankegang seg heilt opp på 1700-talet. Draumkvedtradisjonen treng ikkje vere eldre enn det.

Moltke Moe var ikkje berre forskar, han hadde også poetisk sans. Hans rekonstruksjon av Draumkvedet er eit mektig verk, som trass i den usikre bakgrunnen har inspirert songarar, biletkunstarar, lyrikarar og komponistar i over hundre år. Maren Ramskeid drog til Amerika og fekk aldri vite kor viktig Draumkvedet vart.

Velle Espeland

1	I	Vers 1-6 Ramma for visjonæren <i>The frame of the vision</i>	3:10
2	II	Vers 7-15 Føremøling av visjonæren <i>The visionary's introduction</i>	5:19
3	III	Vers 16-23 Ferda til dødsriket <i>The journey to the realm of the dead</i>	4:41
4	IV	Vers 24-28 Ferda i dødsriket I <i>The journey through the realm of the dead. I</i>	2:52
5	V	Vers 29-37 Førebelsdomen <i>The preliminary judgement</i>	5:07
6	VI	Vers 38-45 Ferda i dødsriket II <i>The journey through the realm of the dead. II</i>	4:29
7	VII	Vers 46-51 Løna for gode gjerningar <i>The rewards for good deeds</i>	3:44
8	VIII	Vers 52 Ettertanke <i>Conclusion</i>	0:35
9		Intervju med Aslak Høgetveit [2002]	7:43

- I Vil du meg lyde, eg kvæda kan om einkvan nyan drengjen, alt om'n Olav Åsteson, som heve sovi så lengje. Og det var Olav Åsteson, som heve sovi så lengje.
2. Han la seg ned om joleftan, sterkan svevnen fekk, vakna kje fyrr om trettandagjen, då folkjet åt kyrkjun gjekk. Og det var ...
3. Han la seg ned om joleftan, no hev'n sovi så lengje, vakna kje fyrr om trettandagjen, då fuglane skoke vengjir. Og det var ...
4. Han vakna kje fyrr om trettandagjen, då soli rann i lie, då sala han ut fljotan folen, han ville åt kyrkjun rie. Og det var ...
5. Presten stend'e fyr altaret og les opp lestine lange, Olav set seg i kyrkjedygni og tel'e draumane mange. Og det var ...
6. Gamle mennar og unge dei gjev'e etter gaum'e, med' han Olav Åsteson tel'e sine draume. Og det var ...
- II Eg la meg ned om joleftan, sterkan svevnen fekk, vakna kje fyrr om trettandagjen, då folkjet åt kyrkjun gjekk. For månen skin'e, og vegjine falle så vide.
8. Eg hev vori meg opp med sky og ned-att med havet svarte; den som vil mitt fotspor fylle, lær kje av blidom hjarta. For månen ...
9. Eg hev vori meg opp med sky og ned med havsens grunne; den som vil mitt fotspor fylle, lær kje av blidom munne. For månen ...
10. Eg hev vori meg opp med sky og ned-att på svarte dikje, eg hev sett åt heite helvite og ein del av himmerikje. For månen ...
11. Eg hev fari ivi vigde vatnet og ivi djupe dalar; høyrer vatn, og ser det inkje, unde jordi så mune det fara. For månen ...
12. Eg er så trøytt og ferde-mod, og inna så mune eg brenne; eg høyrer vatn, og fær det inkje, unde jordi så mune det renne. For månen ...
13. Inkje kneggja soten min, inkje gøydde min hund'e, inkje gol dei ottefuglan': det tottest meg vera under. For månen ...
14. Eg var meg i aumheime i mange nettar og trå, det veit Gud i himmerik hosse mang ei naud eg såg. For månen ...
15. Eg kan noko av kvørjom, derfyr tikjest eg frod, eg var lange i moldi moka, ha' eg tatt den dauden god. For månen ...
- III Fysste eg var i uteksti, eg fór ivi tynnyr-mog: sund'e gjekk mi skarlaks kåpe og neglan' av kvør min fot. For månen ...
17. Så var eg meg i uteksti igjenom den tynnyr-ring; sund'e gjekk mi skarlaks kåpe og neglan' av kvør min fing. For månen ...
18. Kjem eg meg åt Gjallarbrui, ho heng'e så hågt i vinde; ho er òll med gulle slegji og saum i kvørjom tinde. For månen ...
19. Ormen hogg'e og bikkja bit'e, og stuten stend midte på lei: tri er tingji på Gjallarbrui, og alle er gramme og vreide. For månen ...
20. Bikkja bit, og ormen sting, og stuten stend og stangar - der slepp ingjen ivi Gjallarbrui som feller domane vrang. For månen ...
21. Eg hev gjengji Gjallarbrui, ho er både bratt og lei; vassa så hev eg dei Våsemyran', no er eg kvitt'e dei. For månen ...
22. Va'i så hev eg dei Våsemyran', der hev kje sta'i meg grunn; no hev eg gjengji Gjallarbrui med rapa mold i munn. For månen ...
23. Eg hev gjengji Gjallarbrui, og der var krokane på; men eg totte tyngre dei Gaglemyran', Gud be're den dei skò gå! For månen ...
- IV Så kom eg meg åt votno dei, der isane brunne blå; Gud skaut det i hugjen min: eg vende meg derifrå. For månen ...
25. Eg var meg i aumheime, ingjen der eg kjende, berre ho sæle gudmor mi med raude gull på hende. For månen ...
- V Kjem eg meg åt pilegrimskyrkjun, der var meg ingjen mann kjend'e, berre ho gode gudmor mi med raude gull på hende. I brokksvalin der skò domen stande.
26. Sume fór ivi Grimaråsen og sume ivi Skålestrond, men dei som fór ivi Gjallarhylen, dei kome vate fram. For månen ...
27. Så tok eg av på vetterstig alt på mi høre hånd; der såg eg meg til paradis, det lyser ivi vene lønd. For månen ...
28. Der såg eg att'e gudmor mi; meg mune kje bet'e gange: "Reis du deg til brokksvalin, der skò domen stande." For månen ...
30. Der kom ferdi nordantil, og den rei no så kvast; fyri rei Grutte gråskjeggje alt med sitt store brass. I brokksvalin ...

31. Der kom ferdi nordantil,
det totte eg vera vesse;
fyri rei Grutte gråskjeggje,
han rei på svartan hest.
I brokksvalin ...

32. Der kom ferdi sunnantil,
det tottest meg vera best;
fyri rei sankte såle-Mikkjel,
han rei på kvitan hest.
I brokksvalin ...

33. Der kom ferdi sunnantil,
og den rei no så tvist;
fyri rei sankte såle-Mikkjel,
nest'e Jesum Krist.
I brokksvalin ...

34. Der kom ferdi sunnantil,
ho tottest meg vera trå;
fyri rei sankte såle-Mikkjel,
og luren under armen låg.
I brokksvalin ...

35. Det var sankte såle-Mikkjel,
han bles i luren lange:
"Og no skò alle sålinne
fram fyr domen gange!"
I brokksvalin ...

36. Men då skolv dei synde-såline,
som ospelauv fyr vinde,
og kvòr den, kvòr den sál der var,
ho gret fyr syndine sine.
I brokksvalin ...

37. Det var sankte såle-Mikkjel,
han vog i skåle-vikt;
så vog han alle synde-såline
bort til Jesum Krist.
I brokksvalin ...

VI Eg såg meg einom drengjen,
det fyste eg vart ved,
liten smøsvein bar han i fangjet
og gjekk i jordi til knes.
I brokksvalin ...

39. Kjem eg meg åt manne dei,
kåpa den var av bly:
hass arme sál i dessom heime
var trong i dyre tid.
I brokksvalin ...

40. Kjem eg meg åt monno dei,
dei bar på gloande jord:
Gud nå'e dei fatige såline
som flutte deildir i skog!
I brokksvalin ...

41. Kjem eg meg åt bonno dei,
dei støje så hågt på glo:
Gud nå'e dei synduge såline,
ha' banna bort far og mor!
I brokksvalin ...

42. Kjem eg meg åt podda og ormen,
dei hoggje kvòrare med tanne:
det var synduge syskjeni
som ha'e kvòrare banna.
I brokksvalin ...

43. Der møtte eg dei ormane tvei,
dei bit'e kvòrare i sporde:
det var dei synduge syskjebonni
som gifte kvòrare på jordi.
I brokksvalin ...

44. Kjem eg meg åt Syslehuset,
der var trollkjeringan' inne:
dei sto kinna i raude blodet,
det var så tung ei vinne.
I brokksvalin ...

45. Det er heitt i helvite,
heitar hell nokon hyggje;
der hengde dei ivi ein tjørjukjetil
og brytja nedi ein presterygg'e.
I brokksvalin ...

VII Sæl er den i fò'esheimen
fatige gjev'e sko:
han tar inkje berrføtt gange
på kvasse heklemog.
Tunga talar,
og sanning svarar på domedag.

47. Sæl er den i fò'esheimen
fatige gjev'e ku:
han tar inkje sumlug gange
på håge Gjallarbru.
Tunga talar ...

48. Sæl er den i fò'esheimen
fatige gjev'e brau:
han tar inkje ræ'ast i auromheime
fyr horske hundegau.
Tunga talar ...

49. Sæl er den i fò'esheimen
fatige gjev'e konn:
han tar inkje ræ'ast på Gjallarbrui
fyr kvasse stutehonn.
Tunga talar ...

50. Sæl er den i fò'esheimen
fatige gjev'e mat:
han tar inkje ræ'ast i auromheime
anten fyr hæ'e hell hat.
Tunga talar ...

51. Sæl er den i fò'esheimen
fatige gjev'e klæ'e:
han tar inkje ræ'ast i auromheime
fyr håge kjellar-bræ'e.
Tunga talar ...

VIII Gamle mennar og unge
dei gjev'e etter gaum'e;
det var han Olav Åsteson,
no hev han tålt sine draume.
Og det var Olav Åsteson,
som heve sovi så lengje.

(Knut Liestøl og Moltke Moe:
Folkeviser i Norsk Folkediktning,
Folkeviser I, ny utgåve ved Olav Bø
og Svale Solheim, Oslo 1958.)

Aslak Høgetveit og Draumkvedet

Aslak Høgetveit er fødd på garden Høgetveit i Vinje i Telemark i 1912. Foreldra song mykje og Aslak lærde av dei, særleg av mora; viser, stubbar, stev og tonar. Fram til krigen arbeidde han stort sett på garden. I 1940 byrja han på Oslo Lærarskule. Etter krigen har han vore lærar på folkehøgskule, framhaldskule og folkeskule fram til han gjekk av i 1979. Aslak Høgetveit har alltid vore ein kulturperson som har dansa, kveda, fortalt eventyr, halde barnetimar og drive med ”raklespil”. Der er mellom anna mellom 50 og 100 opptak med song og eventyrforteljing av han i NRK. I dag har han kunstnarløn frå Vinje kommune.

— Me song mykje heime, særleg mor. Og det var heime eg fyrst hørde nokre strofer av Draumkvedet. Men eg lærde ikkje alt der. For det er som det heiter: ”Ingen er så kunnige at dei kan alt av Draumkvedet, men heller ingen er så fåkunnige at dei ikkje kan noko.” Eg fann mykje av teksten i bøkene. Men tonane lærde eg heime. Dei fire eg brukar i denne innspelinga er alle gamlestevtonar. Men det er berre den fyrste som eg har høyrte er bruka på gamlestev. Dei andre tre har eg berre høyrte på Draumkvedet. Elles song me mykje når me ungdommane var ute i lag. Me sat i vegagrøffene og i solhellingane og kvad for kvarandre, og særleg minnest eg Aslak Brække godt. Han var god og han var ikkje tung å beda. Han song mykje av desse bygdevisune.

Etterkvart song eg av og til Draumkvedet i ulike lag og høve. Rolf Myklebust i ”Folkemusikkhalvtimen” spurde meg så om eg ikkje ville syngje det inn for NRK. I 1966 gjorde eg det. Eg song 52 vers rett inn den fyrste dagen. Etterpå snakka Myklebust og eg litt om opptaket og bestemte oss for å gjera eit nytt opptak dagen etter. Då au song eg alt rett inn. Det opptaket bruka me, sjølv om eg gjekk opp to tonar frå første til siste vers. — Det gjer ingen ting, sa Myklebust. Og når eg hører opptaket i dag, er eg i grunnen godt nøgd, avsluttar Aslak Høgetveit.

Frå LP til CD

Aslak Høgetveit fyller i år 90 år. Dette vil me markere med å gje ut Draumkvedet som han song inn i NRK i 1966, på CD. Innspelinga har tidlegare vore utgjeven på LP, men plata har lenge vore utseld og vanskeleg å få tak i. Dessutan vil ei CD-utgjeving gje nye generasjonar høve til å høyre denne fine innspelinga.

Familien Høgetveit

Aslak Høgetveit and ”Draumkvedet”

Aslak Høgetveit is born in 1912, in Vinje, a mountain village in Telemark. His parents, especially his mother, sang a lot. Aslak worked on the family farm until he moved to Oslo for his teacher's education in 1940. He taught for 35 years until he retired in 1979. Aslak Høgetveit has been an active dancer, folksinger and storyteller for children as well as adults. In NRK, Norwegian National Broadcasting, there are close to 100 recordings of him singing and telling stories.

— We used to sing a lot at home, my mother in particular. And it was there, at home, that I heard the first verses of Draumkvedet, but not all of them. For (it is) as the saying goes: — No one is so knowledgeable that they know all about Draumkvedet, and no one is so ignorant that they know nothing of it. I found a lot of the verses in the books. — We sang a lot together, us youngsters in Vinje, when we gathered on sunny afternoons. I especially remember Aslak Brække. He was a good singer and not at all unwilling to sing.

— As time went on I started singing some parts of Draumkvedet at different social gatherings. In 1966 Rolf Myklebust* finally asked me to record it for NRK, which I did. I sang and they recorded all the 52 verses the first day. At the end of the day, Myklebust and I discussed the recordings of the day, and decided to make another try the following day. Also the second day I sang right through all the verses. It was the recording from that day that we decided to use, even if I did not end in the same key as I started — ”it does not matter”, Myklebust said. When I hear the recording today, I am actually still very pleased with it, Aslak Høgetveit concludes.

* Rolf Myklebust was a radio journalist that worked with folk music.

From LP to CD

After realizing that modern people do not have equipment for the old LP record from '66, we decided to produce a CD in order to give the young generation a chance to listen to this fine recording.

The Høgetveit family

“Draumkvedet”

The Dream Vision of Olav Åsteson, or literally “The Dream Song” is a Norwegian folk ballad. It was documented in the 1840s. “Draumkvedet” is a ballad about Olav Åsteson, who falls asleep on Christmas Eve and sleeps through all twelve days of Christmas, only to awake on the thirteenth day (Epiphany). He then rides to church, where he sits in the doorway and tells of what he has dreamed. His dream is a vision in which he makes a pilgrimage along the path trodden by the dead: through deep marshes and over thorny heaths to Gjallarbrui, the bridge leading to the Kingdom of the Dead. On the other side of the bridge he beholds purgatory, hell and the blissful souls in Paradise. He also watches the battle between Christ, St. Michael and the angels, and the Devil and his army. Finally, he witnesses the Day of Judgment, when St. Michael weighs each soul on a pair of scales.

The theme of the ballad is from pre-Reformation Catholicism, and the early scholars connected the ballad to the vision experienced by the Irish nobleman Tundall in 1149.

Later scholars are not willing to accept an age as high as that. Some even think it can be from after the Reformation.

Velle Espeland

I Come list to me, and I will tell
of a lad so brave and strong;
I'll tell you of Olav Åsteson
who slept a sleep so long.
For it was Olav Åsteson
who slept a sleep so long.

2. He laid him down on Christmas Eve
and fell asleep full fast,
and he woke not till Epiphany,
when folk to church did pass.
For it was ...

3. He laid him down on Christmas Eve
and slept without a break.
He woke not till Epiphany,
when the birds their wings did shake.
For it was ...

4. He woke not til Epiphany,
when the sun shone far and wide,
and then he saddled his swift young steed,
to church he then would ride.
For it was ...

5. Before the altar stands the priest
and long he reads the prayer.
Olav down in the porch he sits
and tells his dreams out there.
For it was ...

6. Now give ye heed, as best ye may,
all men, both young and old,
till the brave swain Olav Åsteson
his dream so strong has told.
For it was ...

II I laid me down on Christmas Eve
and fell asleep full fast,
and I woke not till Epiphany,
when folk to church did pass.
The moon it shines,
and the roads do stretch so wide.

8. I have been up to the clouds above
and down to the dark, blue sea.
He who would walk the self-same way
will ne'er with his heart laugh free.
The moon ...

9. I have been up to the clouds above
and down in the depths of the sea.
He who would walk the self-same way
will ne'er with his mouth laugh free.
The moon ...

10. I have been up to the clouds above
and down to the dyke full dark.
Both have I seen the flames of hell
and of heaven likewise a part.
The moon ...

11. I have fared over holy water
and over the valleys low.
I heard the waters but saw them not,
for under the earth they flow.
The moon ...

12. I am tired and travel-worn
with thirst I am aglow,
waters I hear but cannot reach,
for under the earth they flow.
The moon ...

13. Neither did my good horse neigh,
nor barked my dog aloud,
none of the early birds did sing,
they all to me seemed cowed.
The moon ...

14. I was in the other world
for many a weary night,
and God in heaven knows I saw
full many a sorry sight.
The moon ...

15. I have tried both smooth and rough
and thence I wise may seem;
long be I buried deep in mould
ere this I a good death deem.
The moon ...

- III First I went forth with my soul,
I went through briar and thorn,
and torn was then my scarlet cloak,
and the nails from my feet were torn.
The moon ...
17. From out my body forth my soul
through the narrow ring was borne,
and torn was then my scarlet cloak,
and the nails from my fingers torn.
The moon ...
18. Came I then to Gjallar Bridge,
so high up in the air.
With red gold it is decked above
and the pinnacles gold so fair.
The moon ...
19. The serpent strikes, and the dog he bites,
and the bull stands on the path;
these three things are on Gjallar Bridge,
and all are fierce and wroth.
The moon ...
20. The dog he bites, and the serpent stings,
and the bull gores with its horn:
no one shall pass over Gjallar Bridge
who sets the law to scorn.
The moon ...
21. Gone have I over Gjallar Bridge,
did hard and steep it find.
Waded have I the miry marsh,
now are they left behind.
The moon ...
22. Waded have I the miry marsh,
where never a foot finds hold.
Crossed have I also Gjallar Bridge,
my mouth filled with grave-mould.
The moon ...
23. Gone have I over Gjallar Bridge
with sharp hooks in a row.
Yet worse I thought the stinking marsh:
God help who there must go!
The moon ...
- IV Then I came to those lonely lakes,
where the glittering ice burns blue;
but God put warning in my heart,
and thence my step I drew.
The moon ...
25. I was in the other world,
and no one knew I there
but only blest godmother mine
with gold on her fingers fair.
The moon ...
26. Some went over the Grimar Ridge,
and some over Skåle Strand;
but those who crossed the Gjallar Linn
were a drenched and draggled band.
The moon ...
27. Then I turned to my right hand,
where the Milky Way does rise,
and over lovely lands I saw
the shining paradise.
The moon ...
28. There was again godmother mine,
command she gave full soon:
"Betake thee to the trial-porch,
Where stands the seat of doom!"
The moon ...
- V Came I to the pilgrim's church,
no one knew I there,
but only blest godmother mine
with gold on her fingers fair.
In the trial-porch
shall stand the seat of doom.
30. There came a host from out the north,
it rode so fierce and fell,
and first rode Grim the Greybeard
with all his crowd from hell.
In the trial-porch ...
31. There came the host from out the north,
God save us from its course!
In front rode Grim the Greybeard
upon a jet-black horse.
In the trial-porch ...
32. There came a host from out the south,
the best 'twas in my sight, -
and first rode Michael, lord of souls,
upon a charger white.
In the trial-porch ...
33. There came the host from out the south,
and silently did glide.
In front rode Michael, lord of souls,
with Jesus Christ beside.
In the trial-porch ...
34. There came the host from out the south,
and slowly came the swarm.
In front rode Michael, lord of souls,
with the trumpet 'neath his arm.
In the trial-porch ...
35. It was St. Michael, lord of souls,
he blew his trumpet clear:
"And now must every living soul
to judgment forth appear!"
In the trial-porch ...
36. Then every sinful soul did shake
like aspens in the wind,
and every single soul there was
wept sore for every sin.
In the trial-porch ...
37. It was St. Michael, lord of souls,
he weighed them fair and even, -
he weighed in scales the sinful souls
away to Christ in heaven.
In the trial-porch ...
- VI I saw a young man trudge along, -
the first that I did see -
he bore a boy-child in his arms
and sank in earth to's knee.
In the trial-porch ...
39. A man I then came up with,
his cope it was of lead:
his sorry soul in straiten'd times
refused the pauper bread.
In the trial-porch ...
40. The men I next came up with,
they carried burning clay:
God's mercy be with those poor souls
that carried bournes away!
In the trial-porch ...
41. Children then I came to,
in fiery pit immersed:
God's mercy be with sinful souls
who father and mother cursed!
In the trial-porch ...
42. I saw the toad and serpent
so fierce each other bite:
each other sister and brother did
with mutual curses blight.
In the trial-porch ...
43. Next I came on serpents twain,
each other's tails they chewed:
cousins they who in this life
were joined in marriage lewd.
In the trial-porch ...
44. Then to the house of toil I came,
there witches were within:
they stood and churned the red, red blood,
so heavy was their sin.
In the trial-porch ...
45. Hot it is in the vaults of hell,
and foul is there the feast:
they swung a pot of pitch o'er fire,
flung in a back of priest.
In the trial-porch ...

VII Blest is he who in this life
gave shoes to the needy poor:
he will not have to walk bare-foot
on the sharp and thorny moor.
Tongue shall speak and truth
reply on Judgment Day.

47. Blest is he who in this life
to the poor man gave a cow:
he will not have to trip or swoon
on the Gjallar Bridge's brow.
Tongue ...

48. Blest is he who in this life
did give the poor man bread:
he shall not stand in the other world
of fierce dog's bark in dread.
Tongue ...

49. Blest is he who in this life
did give the poor man corn:
he need not fear on Gjallar Bridge
the bull with the pointed horn.
Tongue ...

50. Blest is he who in this life
did give the poor man meat:
he need not in the other world
fear either scorn or hate.
Tongue ...

51. Blest is he who in this life
gave clothes to the needy poor:
he need not fear in the other world
the glaciers ice-crest hoar.
Tongue ...

VIII Now give ye heed, as best ye may,
all men, both young and old:
for it was Olav Åsteson,
and this the dream he told.
For it was Olav Åsteson
who slept a sleep so long.

(Malthe Moe's "Draumkvedet" translated by
Illit Grandahl and printed in Knut Liestøl's
"Draumkvedet", Oslo 1946)

Takk for økonomisk stønad

Bondeungdomslaget i Oslo, Gjensidige NOR Sparebank, Landslaget for Spelemenn,
Morgedal hotell, Norgården AS v/ Olav Bø, Norsk Kulturråd, Rauland og Vinje Folkemusikkkfond,
Seljord Sparebank, Statkraft, Tokke kommune og Vinje Spilemannslag.

Innspelt i NRK Radio 1966
Produsent Rolf Myklebust

Prosjektansvarleg for utgjevinga på CD **Olav Høgetveit**

CD-mastering **Lindberg Lyd AS** Dagfinn B. Kristensen

Grafisk design **Lindberg Lyd AS** Morten Lindberg

Sveinung Svalastog (1881-1938) sine veggmåleri,
i den gamle kommunestyresalen på Rauland, er fotografert av **Leif Jamtveit**
Portrett **Per Tore Breiehagen**
Tekst **Olav Høgetveit**
Reproteknikk **Grønli Gruppen AS**

NOMPLO201001 [ISRC]
20©02 Lindberg Lyd AS
www.lindberg.no

LILY 123 blir distribuert av Musikkoperatørene AS, Oslo
www.musikkoperatørene.no

